



Det var ein omtykt og høgt respektert kultursjef som heldt takketale i dag.

Sidan 2002 har Kristian Bringedal vore ein markant kultursjef i Kvinnherad kommune. Frå 1.juli går han over i pensjonistane sine rekkjer, og i dag vart dette markert under ei fin og stilfull samling med alle tilsette i Verksemd for kultur og fritid som Bringedal har leia, i Kulturhuset Husnes. Også ordførar Peder Sjo Slettebø deltok på markeringa.



[Kulturskulelærarane sitt marimbaorkester var ein kanonopning!](#)

Kultur og fritid er ei verksemd med stor breidde og mangfald i fagområde og avdelingar. Dette har også endra seg gjennom dei 14 åra Bringedal har vore leiar for verksemda. Ein komitè med representantar frå dei ulike fagområda hadde planlagt den stilfulle avskilsstunda.

Det var Linda Øen, som vert konstituert i stillinga som kultursjef frå 1.juli, som leia samkoma. Etter at ho hadde gjennomgått Kristian si aktive arbeidskarriere, krydra med godord, fekk vi ei musikalsk opning til å koma i skikkeleg godstemning av! Kulturskulelærer Mauricio Weimar hadde kursa kollegaene sine på afrikansk marimba, og resultatet vart eit kjempemessig marimbaorkester som fekk sving på dei afrikanske rytmane.



Ordførar Peder Sjo Slettebø heldt ein fin tale.

Ordførar Peder Sjo Slettebø hadde ein god helsingtale der han mellom anna sa at han syntes det var vemodig at han ikkje fekk lengre samarbeidstid med Bringedal som han omtala institusjon i kultursamanheng. Ordføraren er også så ung at han kunne referera til opplevingar med kulturmannen Kristian Bringedal frå tida han var elev ved Tofte skule. Fleire av fagkoordinatorane hadde også ordet. Godorda var mange, og alle omtala Kristian som ein lyttande, inkluderande, strukturert og god leiar.

Frå alle dei tilsette i verksemda vart det framført ein song der dei ulike avdelingane hadde dikta kvar sine vers. Teksten er attgjeven nedanfor. Allsong hørde også naturleg med på ein fest for Kristian.

På koldtbordet som Elaine Vågen og medarbeidarane hennar hadde stelt i stand, var det mykje godt både av salt og søtt. Dei hadde også dekkja fint med kvite dukar, og dette var med og understreka ein verdig avskjed for ein leiar som medarbeidarane har sett stor pris på. Stunda vart avslutta med at festlyden reiste seg og song ein av Kristian sine favorittar, **Det som ein gong var.**



[Avtroppande kultursjef i god samtale med danselærer Koshiwayi Sabuneti som er nytilflytta til Uskedalen.](#)
 Nedanfor følgjer teksten som dei tilsette hadde skrive til til han. Vi takkar for at vi får trykkja den.

Helsing til Kristian frå Kultur og fritid.

Melodi: Mellom Bakkar og Berg

Kjære Kristian, vi vil deg hylla
 for den tid du var leiaren vår.
 Dine sko kan vel knapt nokon fylla,
 vi vil sakna deg no når du går.

Mellom bøker, museum og notar
 heve Kristian leia så bra.
 Likar ikkje med språket vi knotar,
 berre nynorsk det vil han Olav ha.

Å, du Kristian likar å lesa
 Ivar Aasen og Vinje og Tvedt.
 For dei nynorske orda du kjempar,
 og me prøver sjølv om det er eit slet.

I kommunen med rike tradisjonar
 hev han lyfta fram kunst og kultur.
 Med historie, kor og trekkspeltonar,
 stiller opp og er neimen aldri sur.

Rask i snuen og lette på foten,
 du fekk ting unnagjort i ein fei.
 Børsdalsnissen går aldri av moten,
 trong vi nisse, så sa du aldri nei.

Melodi: På låven sitter nissen..

For... på julefesten kjem du alltid spelande
og dansande og smilande,
og ungane dei hoppar rundt deg strålande,
i sekken din der vil dei gjerne sjå.
Og du har alltid noko med til alle,
godt til borna, du syng og tralle.
Til neste jul vi ventar på deg alle,
for Børsdalsnissen kan'kje bli pensjonist!

Melodi: Mellom Bakkar og Berg

Fram på vinteren stundom han tenkte
Gjev eg var i eit varmare land
Men då lys på Kulturhuset tente
fekk han hug til si heimlege strand.

Her på rådhuset sit eg åleine
Kven skal eg ropa 'hjelp meg' til no
Eg vil minnast deg som ein god makker
På arkivet skal du no finna ro!

Avdeling Fritid kom svært brått til verda,
det du tok med eit strålande smil.
Bestemte damer og lovverk på kjøpet,
men me såg at du aldri var i tvil.

Og ein klem i frå MOT vil me gje deg,
for me er glad i leiaren vår.
Du er glad, du er raus og tolmodig,
smil og rettferd er det som alltid rår.

Og for ungdomen står du jo på-å
engasjert, ja, det kan me jo sjå.
Du er ja - mann og dreg oss i saman.
Me er glad me vart kjent før du sku' gå.

No skal Kristian ha late dagar
og me lurar på koss det skal gå.
Skal han fiske og stelle i hagar
eller ligge og tygge på eit strå ?

Me har følt oss velkomne i kring deg,
me fekk plass i familien din.
Skål og takk for den tida det varte.
Lukke til! Ro no ned og kvil ditt sinn

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland